



Uskedalen har for tida ei svært aktiv fotballgruppe og no varslar leiar Jostein Hauso både seriedag og fotballkveld.

På Heio neste tysdag (8. juni) blir det seriedag for tiåringane i Kvinnherad. Kampane startar klokka 17 og det er påmeldt 10 lag frå heile kommunen. Det er framleis ope for fleire påmeldingar.

Seriedagen er mellom anna ei tilvenning til seriespel når dei blir 11 år. Det vert eit kompakt arrangement som er planlagt gjennomført på 2-3 timar, opplyser Hauso. I samarbeid med gruppa sin trufaste leverandør SPAR vert det sal av kaffi, brus, vaflar og kaker. Hauso lovar deltakarar og tilskodarar ein flott fotballkveld på Heio.

Men før dette arrangementet blir det fotballkveld i Dønhaugkjeldaren fredag 4. juni klokka 20. Denne gongen skal dei planlegga årets SPAR-HEIO-cup som blir avvikla 5. september. Cupen i fjor vart ein stor suksess som dei i samarbeid med SPAR håpar vert like bra i år. Planleggjinga startar litt tidlegare i år slik at dei skal få litt betre tid på seg enn i fjor.

Over og under er 2002-laga fotografert under cupen i Rosendal.

Av Ola Matti Mathisen

